

Gro H og Arnljot Jordal
Grunneigar gnr 185 bnr91, Lyngvegen 15 Isdalstø
Post adresse:
Kvamsvågen 2
5911 Alversund

Lindås kommune
Plan og miljøutvalet
postmottak@lindas.kommune.no

Merknader og innspel til planprogram for områdeplan fv 57 mellom Knarvik og Isdalstø

Vi vonar at eigedomen vår i Lyngvegen 15 vert tilgodesett med vesentleg betring av støyskjerminga både på utearealet og inne i bustaden, og at det vert sett i verk støytiltak for å auka livskvaliteten til bebuarane.

Vi har tidlegare kome med innspel ved fleire høve til kommunen om at tilhøva er svært sjenerande for dei som bur i huset, noko som skuldast mellom anna den store auken i talet køyrety som passerer i rundkøyninga, i dag omlag 23000 Ådt. Den kraftige støyen er ekstra stor frå dei tunge køyretya grunna akselerasjon etter rundkøyninga i retning Flatøy. I tillegg vil vi minna om at skjerminga på Hagelsundbrua i dag stoggar midt på eigedomen vår, og såleis er til liten og ingen nytte i støydepande samanheng for huset vårt. Naboane våre klagar også på at støyskjerminga er til liten nytte for deira husvære.

Vi ber med dette om at tiltak for å oppnå reduksjon til lovfesta støynivå vert sett som minstekrav i reguleringsvilkåra for gjennomføring av områdeplanen og at tiltaka må gjennomførast snarast råd er og i alle fall før igangsetting av vegbygga, slik at det framleis kan bu folk i husværa i det hardt støyramma området langs E39.

Vi ber om at ei ny bru og vegtrase for E39 må koma på nordsida av Hagelsundbrua. Brua må i tillegg til minimum 2 køyrefelt regulerast med ekstra brei kombinert gang og sykelveg då eksisterande tilbod ikkje er tidsmessig og bør nyttast til utviding av køyrebanene. Det vil medføre at det i tillegg til køyreveg må setjast av areal til ny gangveg mot brua på nordsida av dagens vegsystem, og at dette vert tatt med i planlegginga av kryssløysinga ved Hagelsundet.

Vi ber om at det vert laga ny gangtilkomst frå nordaust om Lyngvegen 15 og ner over naboeigedomen til gangvegssystemet på E39. Dette som eit betre tilbod og erstatning for alle som i dag nyttar vår eigedom til og frå busstoppa ved rundkøyninga. Vi kan ikkje godta at samferdsla skal ta meir av eigedomen vår enn dei alt har tatt, og vi ser fram til at det vert ordna opp i ovafor nemnde tiltak på ein god og rask måte.

Elles synest det vere nærliggjande å få sett av areal for hurtigbåtstogg i Hagelsundet og reservert mest mogleg areal til parkeringsplassar og bussterminal i området under brua for framtidig overgang til eit elektrisk drive hurtigbåtsamband til Bergen. Det kan og opna for felles utnytting av ledig kapasitet på Sognebåtane, og gje plass til eit framtidretta kultur- og sømjeanlegg på det gamle kaiområdet i Knarvik, sjå til Os og Oseana.

Helsing

Gro H. og Arnljot Jordal